



Styrar Marianne L. Bjørnebøle hadde ei fin gevinstsamling å lokka med. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Barnehagen ved Uskedalen Oppvekstsenter hadde foreldretreff med påskelotteri fredag og styrar Marianne L. Bjørnebøle slapp ei gladmelding: Det er gjeve grønt lys for å nytta 150.000 kroner til fullføring av uteleikeplassen.

Kommunalsjef Asbjørn Skår hadde lova løyvinga under eit møte med henne og det er all grunn til å tru at arbeidet vil bli utført i år.

– No må vi berre setja oss ned og planleggja, seier ho til uskedalen.no



Uteleikeplassen skal fullførast snart. Det var ei gladmelding som vart sluppe fredag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Inntekta av lotteriet gjekk til leikar ved barnehagen og ei mor hadde hatt ideen til det. Det var Lene Taranger og. gevinst-samlinga var imponerande. Fleire firma hadde gjeve gåver til det gode føremålet og foreldra og personalet hadde vore rause.

Det var alt frå sokker og votter via godsaker av ymse slag til ein radiostyrt bil! Eit lodd kosta berre to kroner og ein kunne tru at ein var attende på 1950-talet!

Det var også rikeleg servering og personale, foreldre og ungar hadde ei riktig triveleg stund saman.

Det er den fyrste gongen et slikt påske-arrangement blir halde ved barnehagen, men det blir sikkert ikkje den siste!

Av Ola Matti Mathisen



- og her er trekninga i gang. (Foto: Ola Matti Mathisen)